

Timeplan for tidebønkurs 25.-29. juli 2011

Kursleiar er Jørn Fevang. Hugs liturgibok og blyant til øvingane!

Aktivitetar i kursiv er ikkje ein del av kurset, men tilbod for dei som har lyst å delta

Måndag 25. juli (Jakobsmesse)

| | | |
|---------------|---------------|---|
| 16.00 – 16.30 | Kirkestallen | Kursopning (registrering frå kl. 15.30) |
| 16.30 – 19.00 | Værnes kyrkje | Øving (små pausar innimellom) |
| 19.00 – 20.30 | Kirkestallen | Middag (gryterett, salat, brød og kaffi, ca. kr. 130) |
| 20.30 – 21.00 | Værnes kyrkje | Oppvarming til completorium |
| 21.00 – 21.30 | Værnes kyrkje | Completorium |

Tysdag 26. juli

| | | |
|---------------|-----------------------------------|---|
| 10.00 – 12.00 | Frelsesarmeen | Øving (små pausar innimellom) |
| 12.15 – 12.30 | <i>Kapellet i Erkebispegarden</i> | <i>Middagsbøn</i> |
| 13.00 – 16.00 | Frelsesarmeen | Øving (små pausar innimellom) |
| 18.00 – 20.00 | Nidarosdomen | Øving (små pausar innimellom) |
| 20.00 – 20.30 | Nidarosdomen, kjellaren | Tildeling av korkapper (ta med eitt namneskilt) |

Onsdag 27. juli

| | | |
|---------------|-----------------------------------|-------------------------------|
| 10.00 – 12.00 | Frelsesarmeen | Øving (små pausar innimellom) |
| 12.15 – 12.30 | <i>Kapellet i Erkebispegarden</i> | <i>Middagsbøn</i> |
| 13.00 – 16.00 | Frelsesarmeen | Øving (små pausar innimellom) |
| 18.00 – 21.00 | Frelsesarmeen | Øving (små pausar innimellom) |

Torsdag 28. juli

| | | |
|---------------|-----------------------------------|--|
| 10.00 – 12.00 | Frelsesarmeen | Øving (små pausar innimellom) |
| 12.00 – 13.00 | <i>Torget</i> | <i>Festivalopning og prosesjon til Erkebispegarden</i> |
| 12.15 – 12.30 | <i>Kapellet i Erkebispegarden</i> | <i>Middagsbøn</i> |
| 13.00 – 16.00 | Frelsesarmeen | Øving (små pausar innimellom) |
| 17.30 – 18.00 | Nidarosdomen | Oppvarming til olsokvesper I |
| 18.00 – 18.30 | Nidarosdomen, aust | Olsokvesper 1 (kveldssong) |
| | | Hugs nok kvile før vakenatta! |
| 23.00 – 00.15 | <i>Nidarosdomen</i> | <i>Olavsvake-gudsteneste</i> |

Fredag 29. juli (Olsokdagen)

| | | |
|---------------|-------------------------|--|
| 00.15 | Nidarosdomen, kjellaren | Oppmøte for vakenatta |
| 00.25 – 00.55 | Nidarosdomen, vest | Innleiande meditasjon (solo fløyte og dans) |
| 01.00 – 05.00 | Nidarosdomen, vest | Olavsvake (vigilie, delast i fire deler) |
| 06.00 – 06.30 | Nidarosdomen, aust | Laudes (morgonsong) |
| 14.00 – 14.30 | Nidarosdomen, aust | Oppvarming til non |
| 14.30 – 15.00 | Nidarosdomen, aust | Non (middagsbøn) |
| 18.30 – 19.00 | Nidarosdomen, aust | Oppvarming til olsokvesper II |
| 19.00 – 19.30 | Nidarosdomen, aust | Olsokvesper 2 (kveldssong) |
| 21.30 – 22.00 | Kapittelhuset | Oppvarming til completorium |
| 22.00 – 22.30 | Kapittelhuset | Completorium (bøn for natta), kursavslutting |

Kontaktadresser

Då står det berre att å seie velkommen til kurs! Ta gjerne kontakt om du lurar på noko, og for tilbakemelding om mat og evt. skyss 25. juli.

Helsing Tidebønvalet i Nidaros domkyrkjelyd v/Leiv Arild Andenes, tlf. 73 59 18 19/918 97 819, e-post tidebonkurs@itea.ntnu.no, web <http://folk.ntnu.no/laa/tidebon/>, <http://olavsfestdagene.no/no/Kurs/Officiet/>. Sjå også Olavsfestdagane sitt hovudprogram.

Praktiske opplysingar

Kvar finn eg...

- Værnes kyrkje:** Noregs eldste soknekyrkje i aktiv bruk, ca. 3 km frå Stjørdal sentrum. Sjå kart¹.
- Kirkestallen:** Raudt samlingshus rett over vegen frå Værnes kyrkje.
- Frelsesarmeen:** Prinsens gate 2C. Gå vestover frå domkyrkja, over fotgjengarfeltet og til venstre på fortauet. Frelsesarmeen² er andre bygg mot Elgeseter bru (raudt).
- Kapittelhuset:** Eldste delen av Nidarosdomen, ligg på nordsida av høgaltaret/oktogenen.
- Parkeringsplass:** *Værnes:* Gratis plassar ved Værnes kyrkje/Kirkestallen.
Trondheim: Tre sentrumsskular tilbyr parkering for kr 50-80/dag. Gateparkering (automat) og P-hus (Leüthenhaven) er også nær ved.
- Haldeplassar:** *Værnes:* Tog/buss til Stjørdal sentrum, eller fly til Værnes. Bil/drosje til Værnes kyrkje. Skyss frå Trondheim eller flyplassen kan ordnast etter avtale (sjå under).
Trondheim: Tog til Trondheim sentralstasjon. Buss frå syd til Prinsen kinosenter (rett ved Nidarosdomen). Frå andre retningar, til sentrumsterminalen ved torget.

Kursstart i Værnes kyrkje 25. juli - tilbakemelding

Første kurskvelden møter vi i Kirkestallen ved Værnes kyrkje. Vi har tilbud om å kjøpe middag der (gryterett med salat, brød, og kaffi/te etterpå), som betalast av kvar og éin (ca. kr. 130). Vi går ut frå at alle påmelde blir med på middagen med mindre vi får melding om noko anna.

Vi vil ha tilbakemelding frå deltakarar som... (sjå adresser på baksida av arket):

- ikkje vil ha middag, eller er avhengig av spesiell mat, t.d. pga. allergi
- treng skyss til og/eller frå Værnes kyrkje, eller køyrer og har ledige plassar.

Aktivitetar og kursplan (sjå baksida)

Aktivitetane som står i *kursiv* i tidsplanen, er ikkje ein del av sjølv kurset, men planen er laga med tanke på at det skal vere råd å ta del i desse. Kursstoffet står i liturgiboka *Tidebønner fra Nidaros, Olsok* (ISBN 978-82-543-1086-1), og må kjøpast på førehand frå Verbum forlag (søk på "Tidebøn" i <http://www.bibel.no/>), gjennom ein bokhandel, eller i Besøkssentret ved domkyrkja (ca. kr 150,-).

Matpausar

Deltakarane har sjølv ansvar for eiga „foring” mellom øvingsøktene. Vi tek korte pausar når det trengst, og det skal vere tilgang til å kjøpe kaffi/te og enkel mat ved øvingslokalet. Første kurskvelden kan vi kjøpe middag i Kirkestallen (sjå over).

I løpet av natta har vi base i kjellaren under vestskipet, der finst vasskokar, kaffitruktar, bestikk og enkel mat og drikke. Før Laudes ryddar vi kjellaren i fellesskap, slik at rommet er klart til ny bruk.

Kledebon

På completoriet i Værnes kyrkje nyttar vi sivile klede. Til tidebønene i Nidarosdomen får vi utdelt fotside og langerma kvite kapper. Før første olsokvesper må alle ha vald ut ei høveleg kappe, og merkt henne med namn. Det kan vere trekkfullt i domkyrkja sjølv om sommaren, så ta med litt meir klede enn det du trur trengst. Kongeportalen i vestfronten står vanlegvis open heile olsoknatta.

Vakenatta

Vakenatta innleiest kl. 0.25 med ein innleiande meditasjon for solo fløyte og dans; Henrik Ødegaard har komponert ”Den som skal følge etter meg” til dette føremålet, og vi møter att verket sats for sats som innleiing til kvar tidebøn i olsokdøgnet.

Vigilien (vakenattbøna) deler vi i år i fire deler, med start klokka eitt. Det er ni bibeltekstar, som lesast av kursdeltakarane. Dette er ei natt til bøn og ettertanke, så mellom øktene skal det vere mest mogleg ro i kyrkjerommet. Rundt om i kyrkja er det bønestasjonar, og det blir halde meditasjonssamlingar i Mariakapellet tre gangar i løpet av natta – gå gjerne innom desse.

¹Værnes kyrkje: <http://kart.gulesider.no/m/pSnIm> <http://folk.ntnu.no/laa/tidebon/kart-vk.jpg>

²Frelsesarmeen: <http://kart.gulesider.no/m/pSnYI>